

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Velfjord

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strømpdal

Gard:

(adresse): Sterbørja.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Elles har eg fleire heimelsmenn.

SVAR

1. Høyet vert her ~~eg~~ kalla fer, men i vidare tyding vert eg halm og lauv teke med når ein nemnar fer. Ein segjar det vart eit gott ferår og meiner då, at ein har fått råkeleg med høy, halm og lauv. Men ofte vert det fer lite fer, dei segjar dei har hatt eit dåle ferår og ein lyt nytta hjelpefer, det ein her kallar fer drett. Attåt feret og dretten har ein så sultet, fisk=avfall og anna avfall etter hushaldet, som kerkje vert rekna kx til feret eller til dretten. Einelaug vart heller ikkje rekna med til drett eller fer. Den hadde gamalt eit slikt gott erd på seg til fer, at han vart liksom sessa saman med sult. Einelaug var laugen av småhakka einebar kekt i gryta.

Drett kan ein såleis segja var sannamn fer alt hjelpefer som vart teke etter vinteren kom. Det viktugaste hjelpefer var: skav, brem, beit, bar, tang og lyng. Sume stader har dei eg nytta grefteret (røter av bregne) og reinnese. Eg har eg høyrte at lemenn skal ha vere slege ihel og salta til geitmat, men eg veit ikkje om det er sant. Gamalt vart ~~eg~~ hestelert kekt og gjeve kyrne som hjelpefer i kleine ferår. Ordet drett

2

kjem truleg av å dra. Når ein tek drett var det vanleg å segja at ein drog ~~kxxxx~~ bunød. Drett kunde då eg av eg til verta ~~x~~kalla bunødfør(bunaudfør).

2. Nøke serleg sannamn fet x skav, beit og brom har eg ikkje høyrte. Skav vart ~~eg~~ her rekna for viktugaste hjelpeferet, men på mange gardar ved sjøen var tang og tare eit vel så viktig hjelpefer. Men tang og tare hadde ikkje eit så gett erå på seg til fer som skav , fer vart det nytta utan skav til, vart krøtera beinveike av det, sa folk. Skav derimet gjerde krøtera sterke i beina, sa folk.

3. Bøyning av erdet skava : Skava , skøv, skjev, har skøve , skal skava, eller ska skav. O i skøve i fertid uttalas mest ~~sk~~ som å .

4. Skav har vere nytta til hjelpefer i bygda her eg. Det var mykje nytta før i tida, men er mindre nytta no. No er det mest berre einskilde gardar som nyttar det. Skav var rekna for eit gett fer , men vart aldri rekna med til det eigentlege feret, det var drett. Ein kunde nek høyra erdelag som at krøtera trivst og mjølka meir når dei fekk skav eller ~~xxx~~ om dei ikkje fekk. Men den vanlege meininga var , at var ein sikker på ikkje å få bunød, så treng ein ikkje bruka skav.

5. Til skav nyttar ein helst regn og selje. Regnskav var rekna fer beste skavet. Skav av alm var kansje halden fer å vera endå betre , men det var så lite av alm , at neke mykje hjelpefer kunde dei ikkje få av almskav. Gamalt nytta dei furuberk til kalvane. Men furuberken vart då handsama som til mat fer folk. Han vart skeve eller løypt turka og sidan småstøytt og male til mjøl. Litt bjørkeskav kunde dei skava , men det vart ikkje rekna fer neke vidare krøterfer, og fekk krøtera mykje av det , så åt dei det ikkje. Osp vart ikkje skeve fer krøtera vilde ikkje eta det skavet, sa folk. Isterskav (skav av yase pilsertar) vilde folk ikkje skava , fer krøtera vilde bli beinveike av det, sa folk. Skav av elder vart heller aldri bruka.

6. Ordet skav har eg ikkje høyrte vere nytta om neke serleg treslag. Folk kan nok segja , at dei har heim skav, eller at dei drag attåt skav, men med det tek dei med dei treslage som vert nytta til skav. Det treslag som her kjem mest på tale er regn , men det er først etter tree er hogge ein nemnar det skav.

7. Rimet om godleiken av skavet lyder her såleis :

Alm gjø ,
 regn fø ,
 ask gjev smør i ask,
 selja svelta,
 via velta ,
 hegg gje marg i legg.

Rimet er kome annstads frå . Ask veks ikkje her. Sume sett då eg inn esp istaden . Men espeskav hedde frå gamalt ikkje neke gett erå på seg som krøtermat .

8 Heile buskapen fekk skav. Hesten fekk likevel ikkje skav alle stader. Gamalt var det dei som sa, at hesten skulde ha det beste for ~~xxx~~ så vart hestelerten så mykje betre til dei andre krøtera. Men i den tid som gamle folk kan minnast var det berre få som hadde det synet. Mange stader fekk eg hesten skav. Vaksne naut skulde då ha det grovaste skavet, det som var skove av dei tjukkaste strangane. Sau og geit skulde ha småskavet, det som var skove av dei minste kjeppane. Det skavet hesten skulde ha var serleg fint skave.

Kva tid på året dei byrja få skav var så ymse . Det kom an på kor mykje før ein hadde. I retteleg kleine ferår kunde ein byrja rå attåt drett alt frå hausten av. Men eftast byrja ein ikkje før det leid lenger på. Og ofte vart det ikkje nytta før bunða melde seg når det leid på våren. Som eftast fekk dei vel skavet saman med litt høy, men ikkje såleis at det var blanda ~~xxxxxxxxxxxx~~ saman høyet og skavet . Som alt nemnt vart elder aldri skave. Skav av esp og bjørk skulde heller ikkje krøtera vera neke grøyvarar på etter det folk sa.

5

9. Det var ei vanleg tru før, at når kyrne fekk regnskav vart det meire mjølk i dei . Mjølka skulde eg verta feitare og smøret gulare når ein hadde skav til krøtera, regnskav var det det var tale om i så måte.

At det var neke slag skav det vart usmak på mjølka av har eg ikkje høyrte om.

10. Når ein skulde henta skav dre ein som eftast eins erend til skegs etter skavet. Om ein skulde henta heim brenneved og det stod regn eller ^eselje såleis til at ein kunde hogge dei samstundes så vart nok det gjort. Men som eftast høvde det ikkje så . Til ved hogg ein eftast bjørk eller turrgran og det var meire ~~xxx~~ skjeldan det veks regn inn millem dei. Det vanlegaste vart difor at vilde ein ha skav , så laut ein eins erend iveg før å hogge og køyra heim.

Til hesjeved vart mest berre brukt tunne granrekstrer , så den vart ikkje skeve, berre kvista og tiløksa.

11. Når ein hentar heim skav segjar ein at ein rår til skav. Andre uttrykk er : Køyra heim skav, ha heim skav , vera i skavskeg , reisa etter skav, og liknande.

12. Veden med skavet på vert kalla skav. Eller ein kan skilja det meire åt kva slag ~~ix~~ det er , t.d. regnskav , seljeskav. Ein kan eg segja regn eller selje. Og ein kan skilja millem t.d. regnbusker og regnstranger. Når veden er skave

6
vert han kalla skjevel.

13. Nei erdet marka kjenner eg ikkje til.

14. Kva tid dei byrja taka skav er alt svara på under nr 8. Det var serleg mot vårparten bunsa var verst og då vart det hogge mest skav, men sume henta heim skav til andre tider eg.

At skavhentning skulde vera neke sers surt og hart arbeid har eg ikkje høyrte nemnt . Når ein var i tømmerkegen og hadde hesten med, så kunde det gott henda dei tok med seg heim eit lite skavlass om kvelden. Og dette tydde ikkje på at skavhentning var rekna for tyngre arbeid enn anna arbeid.

At dei gjekk ut på fastande hjarta langfredag før å henta skav har eg ikkje høyrte om.

15. Dei held ikkje til med skavinga same staden i alle høve. Om vinteren med det var snø var det mest vanleg , at ein held til med skavinga xx inne i stua. Regn eller selje vart hegd i passe lengder , det vil segja så lang som dei pla hogge brenneveden. Tjukke stranger vart saga og lempane kløyvd. Dette gjorde ein i vedskjulet eller ute på marka borte ved regndungen. Så vart xxj skavkjeppane og skavskiene bære inn . Var skavet frese laut det varta tina før ein tek til å skava . Og så tek skavinga til.

Men om våren når sola vernde kunde ein eg sitja ute på tunet og skava.

Det hende eg at skavet ikkje vart køyrt heim før det vart skeve, ein sat ute i marka og

7

skev. Det var helst når føret var slik at ein ikkje fekk køyra heim skav , at ein skev ute i skogen og bar skavet heim. Men ein kunde eg skave ute i skogen når ein var på tømmerhogst og dånkøyra ein heim skavet i sekkar. Ein ha ein skavsekk på lasset sa dei. Når dei skev inne i stua tek dei helst skavet opp i spenkassar (spenkerger) , dei vart kalla skavkasser.

16. Når ein skev inne i stua , eg det var det vanlegaste før i tida , så bruka dei ~~xx~~ tellekniv og skev med. Skavarkniv kalla dei han med dei helt på med arbeidet. Men når ein skev ute kunde ein eg brukå bandkniven å skava med. Det var store stranger ein skev på den måten . Ein ha då ein krakk , ein sagstol eller anna eg la eine enden av strangen opp på . Denne bandkniven kunde dei eg arbeida berre til dette bruket . Han vart då arbeid av ein gamal ljå dei laga handtak til på båe endar. Men det eg har sett vart bandkniven helst bruka når dei skev på ~~xxxxixxx~~ den måten. Men skavet vart heller grevt , så skav skeven med tellekniv var halden fer å vera betre til krøterfer. Småskavet av dei tunne kjeppane vart alltid skeve med tellekniven .

17. Når dei sat inne eg skev så heldt dei skavkjeppen i vinstrehanda eg skavarkniv i høgge. Det var en å gjera å taka tunne skjevjer. Some heldt kniven i handa som dei spikka fliser , men finaste skavet fekk ein når ein heldt kniven neke lausare i handa så berre fingrane slutta en

knivskaftet. Til vanleg tek dei tre skjevjer etter lengda på skavkjeppen . Når kjeppen er slett ~~og~~ utan kvistar skjev ein berre beintfram , men er det kvist i vegen før kniven , så vert kniven snudd i handa så ein skjev imot seg .

Når ein skjev med bandkniven , så sitt ein tilskrevs ever strangen og held kniven så at ein førar den imot seg når ein skjev , altså metsett av det ein til vanleg gjer når ein skjev med tellekniv. Hesjeved vert ikkje skove med bandkniv her, den vert berre øksa til . Men bandkniven vart før mykje nytta når dei smia band , bytteband , tynneband e.l. Til det bruket ha dei eigen krakk , bandkrakken, men den vart ikkje brukt når dei skov.

18. Utanom det som alt er nemnt kjenner eg ikkje til at det har vere nytta andre måtar ved skaving. Skavljå veit eg ikkje om har vere nytta her.

Skavhæl kjenner eg ikkje til .

19. Når dei skjev med tellekniven sitt dei vanleg på ein vanleg stel eller krakk. Når ein skjev ute med tellekniven lyt ein sitja som det faller seg. Korleis ein held kniven har eg alt nemnt , sjå nr 17 . Tellekniven held ein i høgre handa når ein skjev . Skjev ein med bandkniv held ein kniven med båe hendene , ei hand på kvart handtak. Og når ein skjev med bandkniv held ein kniven så ein skjev imot seg. Skjev ein med tellekniv held ein kniven så at ein skjev ifrå seg.

9 12

Når dei skjev med tellekniven held dei kniven med eine handa og skavkjeppen med den andre . Når ein skjev med bandkniv sitt ein skrevs over skav = strangen og brukar bae hendene på kniven.

Det er alltid kniven dei ber fram og attende , ikkje skavkjeppen.

20. Veden ein skjev kallar ein skav før han er skaven . Det er skavkjeppar og skavskier, skavstikker og skavlegger. Etter veden er skaven vert han heitande skjevel , fl. skjevlar . Det vert og tale om skjevelkjeppar , skjevelskier, skjevelstikker. Det vert og tale om skjevel = dungar og skjevellad.

21. Berken ein skjev av kallar ein skav. Det er regnskav og seljeskav , bjørkskav og heggskav e.s. b. Kvar berkbit kallast ei skjevje, eller skavskjevje. På skavet kan ein eg ha ymse namn etter sterleiken på skavskjevjene . Det er småskav om xxx skjevjene er små . Er skjevjene store er det sterskav. Skavet kan eg få namn etter det det vert nytta til, sterskavet kan kallast kuskav og småskavet småfeslav. Hestskavet til hestane var serleg fint og smått skave.

22. Ein skjev både tunne kjeppar og store tre. Store tre vert først kapp i stranger som det heitar. Strangane vert som eftast kvista så kvisten vert før seg. Kvisten vert først bremna på same vis som mindre busker. Når bremet er brete av vert kvistane hogd med øks til høvele skav=

107
kjeppar. Strangane vert saga med sag til lempar av
høveleg lengd og så vert lempane kløyvd med øks.
Både lempar og kjeppar er av sama lengd som anna
brenneved. .

23. Når skavkjeppane er skove kallast dei
skjevel, fl. skjjevlar. Sjå elles under 20.
Sterleiken skil dei ikkje ut på anna måte enn med
nemningane småskjev^l og sterskjevel . Skjevel=
stikka tyder og at det er små skjevel, skjevelskier
på at det er sterskjevel.

24 . Skavet skulde vera så tunt og fint som
berre råd var . All berken skulde skavast av .
Men var det tjukk berk kunde ein først taka det
ytse laget og etterpå det indre. Neke av vedlaget
skulde ikkje fylgja med , for då vart det tyngre
for krøtera å eta det . Så vidt eg har skyna
helst dei det skavet som var nerast veden for å
vera beste skavet. Likevel tek alæri ein flink
skavar neke av veden med. Den som skov vart kalla
skavar fl. skavaran . Dei var på langt ner ikkje
like flinke til å skave alle. Å late vera att neke
mykje berk på kjeppane var rekna som ei skamm
for den som skov , og beste skavet for krøtera
fekk og den til som var flink til å skave.

"5. Skjevelen vert nytta til ved. Til å
keka mysest var han framifrå og var mykje nytta
til det. Likeins vart han nytta når dei steikte
lefse.

26. Skav vert nytta til for endå på sume
gardar. Men i mykje mindre utstrekning enn før.
På mange gardar brukar dei slett ikkje skav ,
og dei er dei fleste. NORSK ETNOLOGISK GRANSKING